

## Merknad til søknad om løyve til å etablere akvakulturanlegg på lokaliteten Plomma

Vi viser til søknad frå SalMar Oppdrett AS om løyve til å etablere nytt anlegg for matfisk ved Lyngværet.

Vi eig grunn og er mykje på Lyngværet, og vi kjenner området godt. Området har særskilte friluftskvalitetar, eit sårbart fugle- og dyreliv og eit historisk bygningsmiljø som lett blir skjemma av nye, framande element.

Det er difor særskilt viktig at inngrepet blir underlagt ei grundig, inkluderande og politisk handsaming, og at det blir lagt stor vekt på dei sterke verneinteressene i området.

### Medverknad og lokalt sjølvstyre

I oversendingsbrevet frå fylkeskommunen er det opplyst at søknaden er i samsvar med kommuneplanen for Aukra. Dette er formelt riktig, men det har likevel liten verdi for dei reelle omsyna som både akvakulturlova og plan- og bygningslova byggjer på.

Denne lokaliteten og området rundt er ikkje ein del av Aukra sin arealdel for 2016-2028, men den inngår i kommunedelplanen for Sandøy, som vart gjeldande for Aukra i samband med grensejusteringa med Ålesund i 2020. Dette er ein konsekvens av inndelingslova § 13, som berre tek sikte på rettsverknaden av arealplanen for nye byggjetiltak og liknande, jf. plan- og bygningslova § 11-6. Den indirekte verknaden for søknader om akvakulturtiltak er ikkje omtalt i førebuinga av inndelingslova, og er neppe gjennomtenkt av lovgjevar.

Lokaliteten har aldri vore med i ein kommuneplanprosess i Aukra. Området har ikkje vore vurdert i høve Aukra sine samla arealressursar, etter kva kommunen treng av nye tiltak eller vege mot andre omsyn i kommunen. Få av Aukra sine innbyggjarar har hatt høve til å uttale seg til kommunedelplanen, og det er vanskeleg å orientere seg om konsekvensane av planen. Det er talande at området er teke ut av kommunedelplanen som er vist på Ålesund si heimeside, samstundes som det ikkje er omfatta av Aukra sine kommuneplankart.

Kommunestyret i Aukra har ikkje teke stilling til bruk og vern av området. Der Aukra sin kommuneplan sett av enkelte område til akvakultur, tillèt kommunedelplanen for Sandøy akvakulturanlegg i alle område som ikkje er særskilte unntatte. Her har Aukra altså overteke ei planfagleg og planpolitisk løysing som er motsett det kommunen sjølv har valt.

Forslag om interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar har vore ute til offentleg ettersyn, og arbeidet er dermed i slutfasen. Planforslaget kviler på brei medverknad frå private og offentlege interessentar, og arbeidet gjev kommunestyret høve til å sjå kommunens samla arealressursar i sjøen under eitt og vege ulike akvakulturtiltak, friluftssinteresser, natumangfald og andre omsyn mot kvarandre.

Det vil vere uheldig og i strid med grunnleggjande prinsipp om medverknad og kommunalt sjølvstyre viss kommunedelplanen for Sandøy blir lagt til grunn for arealbruksvurderinga av søknaden, like før kommunen ferdigstiller sjøarealplanen.

## Arealbruk

Akvakulturlova § 16 krev ei vid veging av arealinteresser ved plassering av lokalitetar til akvakultur. Av førearbeida går det fram at føremålet med denne føresegna er å leggje til rette for ei effektiv og samfunnsnyttig arealutnytting. Det skal særleg leggjast vekt på kor mykje søkjar treng arealet til akvakulturproduksjonen, alternativ bruk av området til annan akvakultur, annan bruk av området og vemeinteresser som ikkje er omfatta av vedtak om vern.

Søknaden om den nye lokaliteten er i hovudsak grunngeve med ei omstrukturering av lokalitetane i Romsdal, og knapp tilgang på lokalitetar i høve verksemda sine løyve. Dette er heilt generelle omstende som gjeld heile næringa, og som korkje er særskilt for søkjar eller denne lokaliteten. Strukturelle tilhøve i samfunnet og næringa bør ein nærme seg i ein overordna plan, der ein kan samanhalde tilgjengelege sjøarealressursar og den samla trongen for nye lokalitetar til ulik havbruk, og dessutan vurdere andre overordna omsyn som gjer seg gjeldande. Som nemnd vert dette no gjort i arbeidet med sjøarealplanen.

I sjøarealplanen er deler av området utgreidd med sikte på og rådd brukt til oppdrett av tang/tare og/eller tunikatar. Det er ikkje gitt konkrete føresegner eller råd om avstand mellom tareanlegg og annan akvakultur, men av omsyn mellom anna til drift, forureining og samla påkjenning på området bør nye anlegg for produksjon av matfisk plasserast mykje lengre frå tareproduksjonen enn det er søkt om. Søknaden vil difor kome direkte i konflikt med planlagt bruk av området til annan akvakultur.

Vidare vil matfiskanlegg på denne lokaliteten vere i strid med annan bruk av området. I konsekvensutgreiinga til sjøarealplanen er det peika på at lokaliteten ligg inntil fleire registrerte friluftsområde, til dels med særskilt høg verdi. Området på og rundt Lyngværet og Flatflesa er mykje brukt til ferdsel og opphald med fritidsbåtar, mellom anna til overnatting, fritidsfiske og turisme. Konsekvensutgreiinga viser også til yrkesfiske med passive og aktive reiskap inntil lokaliteten. Konsekvensutgreiinga gjer dessutan merksam på vesentleg skipstrafikk i området, både nyttetraffikk og anna. I motsetnad til tareanlegg, som gjev avgrensa fysiske inngrep, vil produksjonsanlegg for matfisk kverretje store areal som i dag er brukt til andre føremål.

Det er sterke verneinteresser i området, som ikkje er sikra gjennom formelle vedtak om vern. Både nord, sør og aust i og utanfor lokaliteten er det registrert funn av den særskilte naturtypen tareskog. Det er registrert havørn og svartbak i området, som begge er artar med nasjonal forvaltningsinteresse. I tillegg til desse registrerte funna, er det kjente førekomstar mellom anna av villaks, torsk, kreps og andre artar som kan bli påverka av rømming, forureining og aktivitet frå anlegget. Aktiviteten kan også ha negativ verknad for anna dyre- og fugleliv, mellom anna for rådyr som held til på Lyngværet. Igjen er det grunn til å framheve den store skilnaden mellom produksjonsanlegg for matfisk og tare, og minne om prinsippet i naturmangfaldlova om at alle offentlege avgjerder skal byggje på nøyaktig kunnskap om konsekvensane eit tiltak har for naturtypar og artar. Viss det ikkje ligg føre sikker kunnskap, skal ein vere føre var og leggje den tryggaste løysinga til grunn, jf. naturmangfaldlova §§ 8 og 9.

På Lyngværet er det eit regionalt verneverdig bygningsmiljø. Opplevinga av dette gamle fiskeværet heng tett saman med landskapet og sjøområda rundt, og er visuelt bunde saman med andre historiske landemerke som Ona, Flatflesa og Bjørnsund. Eit stort anlegg for matfisk med merdar, hus, lyssetting med meir vil vere svært skjemmande i dette kulturlandskapet. I tillegg kjem støy og andre ulemper frå aktiviteten på og omkring anlegget.

Dei fleste kulturminne blir best verna gjennom bruk. Grunneigarane på Lyngværet har overkome mange hinder og lagt ned mykje arbeid for å ta vare på bygningane på øya, og vidare bruk og vern vil stå sterkast viss dei særskilte kvalitetane i området blir vidareført. Det fritidsbustadene på Lyngværet manglar av innlagt straum, vatn og andre moderne funksjonar, tek dei igjen i historiske, fredelige og urørte omgjevnader som er sjeldne i dag. Det er grunn til å tru at svekking av desse kvalitetane på sikt også vil vere øydeleggjande for bruken og vernet av bygningane.

Vi meiner at det på denne bakgrunnen er ei klar overvekt av arealinteresser som er til hinder for eit nytt matfiskanlegg på lokaliteten det er søkt om.

#### **Andre merknader**

Vi viser elles til merknadene frå dei andre grunneigarane på Lyngværet, som vi støttar.

Med helsing

Åge Hammervik på vegne av Sigrud Hammervik